

Vedtatt i Vestnes kommunestyre 12.februar 2015:

Vestnes kommune

“Midt i blinken”



Foto: Emil Bålstad

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015 - 2025



Foto: Helland barnehage



Foto: Reidun Bjølverud



Foto: Reidun Bjølverud

Innhald

Framsida.....	side	1
Innhald.....	side	2
Planomtale.....	side	3
Visjon og framtidsbilete.....	side	4
Fokusområde 1 - Næringsutvikling.....	side	5
Fokusområde 2 - Busetting og oppvekst.....	side	6
Fokusområde 3 - Kultur og fritid.....	side	6
Fokusområde 4 - Folkehelse.....	side	8
Fokusområde 5 - Det internasjonale Vestnes.....	side	9
Fokusområde 6 - Samferdsel og pendling.....	side	10
Fokusområde 7 - Samfunnssikkerhet og beredskap.	side	11
Handlingsdelen - Målretta investeringar.....	side	12



SYLTEBAKKEN I TRESFJORD

Planomtale

Kommuneplanen består av samfunnsdel, handlingsdel og arealdel og skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser: Eit overordna styringsdokument, som gir rammer for forvaltning av arealressursane og langsiktig planlegging av utviklinga i kommunen. Dette dokumentet er samfunnsdelen av kommuneplanen og skal følgjast opp med ein ny arealdel. Handlingsdelen vert lagt inn i økonomiplanen, som blir revidert årleg. I handlingsdelen/økonomiplanen er det vist oversikt over helsetilstanden i befolkninga og statistikkar og prognoser for folketalsutvikling, barnetal, alderssamansetting, kjønnsfordeling og nasjonalitetar. Dei viktigaste grunnlagsdokumenta for samfunnsplanen er:

- Økonomiplan for Vestnes 2015 – 2018
- Kommunal planstrategi og planprogram
- Kommunestatistikk 2014 og Folkehelseprofil 2014
- Fylkesstatistikk 2014 og Fylkesplan 2013 – 2016
- Nasjonale forventningar

Samfunnsdelen av kommuneplanen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for både kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Ny plan- og bygningslov seier at planer og prosessar ikkje skal vere for omstendelege. Det er derfor lagt vekt på at planen er kortfatta, rasjonell i høve tidsbruk og tilgjengelege ressursar, men likevel treffsikker i høve utfordringane. Omtale av nasjonale og regionale forventningar er gjort i planprogrammet og blir ikkje gjentatt her.


Prosess og medverknad: Planarbeidet er ein politisk styrt prosess med medverknad frå innbyggjarar, næringsliv, ulike organisasjonar og interessegrupper. Formannskapet er styringsgruppe for samfunnsdelen av kommuneplanen. Adm.sjefen legg fram planforslag og beslutningsgrunnlag for styringsgruppa. Folket er med gjennom offentleg ettersyn via internett og annonsering i lokalavisa. Planforslaget er framlagt i møte med eldreråd, ungdomsråd og funksjonshemmaråd, som på line med bondelag, næringsforum, sentrale og regionale høyringspartar også har fått planforslaget skriftleg.

Utfordring, mål og strategiar: Det er både eit mål og ei utfordring for ein distriktskommune som Vestnes å ta del i den generelle veksten i samfunnet og vere attraktiv for ungdom, kvinner og næringsliv. Tresfjordbrua og ferjefri fjordkryssing gir nye premisser for samfunnsutviklinga i Vestnes og kan gi Vestnes eit betre grunnlag for vekst i næringsliv og busetting enn mange andre distriktskommunar. På den andre sida har Vestnes langvarige utfordringar med HVPU – reforma, knytt til både økonomi og sysselsetting. Som mange andre kommunar har også Vestnes utfordringar knytt til arbeidsinnvandring, busetting av flyktningar, overskot av menn, lave barnetal og eldrebølge.

Kommunereformen: Kommunestyret vil i 2016 gjere vedtak om framtidig struktur og tilhøyrgheit. Prosessane i arbeidet med kommunereformen skal vere forankra i kommunestyret. Resultatet av reformen er ikkje venta å få verknad før frå 2020.

Fokusområde: Som svar på utfordringane held Vestnes kommune fast ved visjonen *midt i blinken* og eit framtidsbilete av Vestnes som attraktiv etableringskommune, *der ein skulle tru at alle ville bu*. For å verkeleggjere visjonen og framtidsbiletet konsentrerer planen seg om 7 fokusområde. Desse er hovudinnhaldet i planen og er omtalt på sidene 5-11 med tilhøyrande mål og strategiar.

Visjon: “ Midt i blinken ”



Visjonen stadfester Vestnes kommune si strategiske og sentrale plassering i fylket - understrekar målet om treffsikre tenester og Vestnes som *innertiar* både å leve og drive næring i.

Framtidsbilete for Vestnes:

- Den sentrale geografiske posisjonen gjer Vestnes til eit naturleg val for nyetableringar
- Attraktive bumiljø med mangfaldig kulturliv, triveleg handelssenter og flott natur
- Heilårsopne barnehagar med barnehageplass for alle innan 1 månad
- Interessante arbeidsplassar med enkel pendling til enda større arbeidsmarknader
- Eit internasjonalt samfunn, der alle trivs
- God kulturskule og aktive lag med konsertar, revyar og festivalar
- Tilrettelagt tilgang til fjord og fjell med turstiar og parkeringsplassar
- Leverer digitale tenester som gir innbyggjarar og næringsliv eit reelt digitalt førsteval
- Ein attraktiv arbeidsgivar og serviceinnstilt, løysingsorientert, imøtekomande kommune



Foto: Torgeir Utgård

UTSIKT FRÅ KOLLEN: FLATEVÅGEN, VESTNES, ROMSDALSFJORDEN

Fokusområde 1: Næringsutvikling

Ein av hovudgrunnane til å busette seg ein stad, er tilgang til relevant arbeid. Både knoppskyting og nyetableringar er såleis sentrale element for næringslivsvekst og busetting. Vestnes har eit sterkt næringsliv, med tyngda i skipsrelatert industri og offentleg omsorg. I tida framover må Vestnes vere attraktiv for yngre og kompetent arbeidskraft. Nye store samferdselsprosjekt forsterkar Vestnes sin strategiske og sentrale geografiske plassering. Vestnes ønsker å framstå som ein god samarbeidspart og ein kommune som satsar på næringsutvikling, inkludert landbruk.

Mål og strategiar:

1. Legge til rette for ekspansjon rundt eksisterande bedrifter, men også ta omsyn til mulige konflikthar mellom næringsverksemd og bustadbygging.
2. Utvikle nye næringsareal; spesielt nær ny E39 på Vik, eventuell etterbruk av området ved Furneset ferjekai og finne eigna areal med tanke på samfunnsnyttig bruk av steinmassane frå planlagt tunnel under Romsdalsfjorden.
3. Etterspurnad etter næringsareal i nærleiken av kommunesenteret må også dekkast.
4. Det skal leggest til rette for småskala reiseliv ved å utnytte vår nærleik til fjord og fjell og vårt sentrale utgangspunkt for kortreiste turar til attraktive turmål i heile fylket.
5. Satse på breibandsinfrastruktur som gir næringslivet tilstrekkeleg kapasitet
6. Næringslivet og Vestnes kommune har eit godt samarbeid gjennom Vestnes Næringsforum. Dette skal vidareførast og kan utviklast til tettare samarbeid med Fønix Næringshage.
7. Detaljhandel bør leggest til sentrum. Vestnes kommune skal fortsette samarbeidet med fylkeskommunen og private om utvikling av kommunesenteret. Målet er å utvikle eit triveleg og passande urbant tilbod i vår målestokk, som strategisk plassert handelsstad mellom på Moa og Molde.
8. Kommunesenteret skal ha rom for ekspansjon både for handelsnæringa, fleire bustader og styrking av sentrum som triveleg, sosial og kulturell møteplass - eit velorganisert og universelt tilgjengeleg trafikk-knutepunkt med lett tilgang til nok parkeringsplassar
9. Alle offentlege funksjonar som Vestnes skal ha berre éin av bør lokaliserast til Helland.
10. Vestnes kommune vil arbeide for at naturlege regionale eller nasjonale funksjonar også kan lokaliserast til Vestnes kommune.



Foto: Reidun Bjølverud



Foto: Reidun Bjølverud

POSTVEGEN I HELLAND SENTRUM

Fokusområde 2: Busetting og oppvekst

Folket i Vestnes fordeler seg med 40 % i Helland, vel 20 % i Tomrefjord og resten fordelt i dei andre bygdene. Tilrettelegging for vekst og utvikling i heile kommunen er viktig for å nå kommunen sine overordna mål og ta vare på alle ressursar.

Vekst i folketal og arbeidskraft til næringslivet kan sikrast gjennom auka tilflytting og innvandring. Dette kan igjen medføre positiv utvikling i fødselstalet. Dei siste åra har folketalet hatt moderat vekst som følgje av arbeidsinnvandring, særleg frå Aust-Europa. Også ein del unge, som reiser ut for utdanning, søker seg seinare tilbake til det gode liv i heimtraktene når dei blir meir etablerte.

Mål og strategiar:

1. Eit av dei viktigast momenta for yngre vaksne, er tilgangen på barnehageplassar. Vestnes kommune skal derfor ha barnehageplass for alle og heilårsopne barnehageavdelingar.
2. Barnehagetilbodet skal utviklast i takt med etterspurnaden, m.a. tilrettelagt for familiar som pendlar.
3. Det skal arbeidast for å ha relevant kompetanse i barnehagane.
4. Vestnes kommune skal legge til rette for auka bulyst gjennom tilbod på utbyggingsklare, attraktive bustadtomter i alle bygdene, med breibandsinfrastruktur som gir innbyggerane tilstrekkeleg kapasitet. Utbygging kan skje både i eigen regi eller i samarbeid med private.
5. I all planlegging skal det leggest vekt på omsynet til barn og unge sitt oppvekstmiljø, med Barnerepresentanten og Ungdomsrådet som sjølvsgatte høyringspartar.
6. Skulane skal ha fokus på trivsel og oppretthalde/forbetre læringskvaliteten
7. Satsinga på systemretta arbeid for å styrke kvaliteten i undervisninga og læringsmiljøet til elevane skal vidareførast.
8. Vestnes kommune skal tilby rask og god språkopplæring for alle som har krav på det.
9. Helland skule, Tomrefjord skule og Tomrefjord idrettsbygg skal få nødvendig oppgradering.



Foto: Hallgeir Rystad

TOMREFJORD SMÅBÅTHAMN

Fokusområde 3: Kultur og fritid

Kultur og frivillighet står sentralt i det norske samfunnet og fungerer som eit sosial lim, som bidreg til å styrke samhaldet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Deltaking i kultur, idrett og anna frivilligheit er ei viktig kjelde til å finne identitet og kjensla av å høyre til.

Innsatsen til frivillige lag og organisasjonar er såleis vesentleg for det sosiale livet i bygdene våre. Idrettslaga, korps, revy- og teaterlag, Musikkens venner, Vestnes musikkverksted, Gapskrattfestival og Fikstival er gode eksempel på aktørar som set Vestnes på kartet.

Det offentlege tilbodet består m.a. av kulturskulen, bibliotek, frivilligsentral, idrettsbygg og kyrkja. Bilblioteket er ein unik lokal kulturarena med gode besøkstal, men treng betre lokaler.

Kulturskulen er eir ressurscenter for alle i kommunen, som rekrutterer profesjonelle utøvarar som heile samfunnet nyt godt av. Også kulturskulen treng betre lokalar/lokalisering.

Mål og strategiar:

1. Vestnes kommune skal verdsette den unike floraen av frivillig innsats og kulturaktivitetar
2. Vestnes kommune skal, så langt råd er, stø opp om utvikling av lokale forsamlingshus og idrettsanlegg.
3. Vestnes kommune skal vidareføre aktivitetsnivået i kulturskulen og arbeide for betre lokalar og lokalisering
4. Vestnes kommune skal arbeide for å jamne ut sosiale ulikheter med omsyn til deltaking i fritid- og kulturtilbod.
5. Bibliotek må utviklast som offentleg møteplass og debattarena med dertil eigna lokaler.
6. Bibliotek og kulturskuleaktivitetar bør om muleg samlokaliserasst.
7. Det skal leggest til rette for møteplassar og aktivitetar for innbygarane



“VERDENS BESTE KOMMUNE FOR HUMØRFYLTE MENNESKE”

Fokusområde 4: Folk, helse og omsorg

Prognosen viser jamn vekst i folketalet. Stabilt for dei yngste gruppene, medan særleg dei eldre gruppene vil vekse. Dette gir utfordringar for kommunens tenestetilbod. Temaplanane for Folkehelse (vedtatt 27.09.2012), Bustadsosial handlingsplan (vedtatt 18.11.2010) og Omsorgsplan 2020 (vedtatt 12.06.2014) er utgangspunkt for arbeidet innafør dette fokusområdet.

Folkehelseprofilen viser m.a. at ein høgare del barn og unge menn, har overvekt, og ein høgare del unge kvinner røykjer enn i landet elles. Ein aukande del av innbyggjarane slit med psykiske lidningar. Likeins aukar talet på yngre med rusrelaterte vanskar. Vestnes har siden 2008 hatt en sterk nedgang i fråfall frå videregående skule og ligg no under landsgjennomsnittet.

Kommunen vil fokusere på familien og dei vaksnes evne til å gje god omsorg, leggje til rette for gode og varierte fritidsarenaer med eit godt læringsmiljø og læringsutbytte. Kommunen vil styrkje helsestasjon og skulehelsetenesta som viktige bidragsytarar til ein god oppvekst for barn og unge.

Mål og strategiar:

1. Alle innbyggjarar skal ha høve til å leve og bu sjølvstendig i aktivt fellesskap med andre
2. Yte treffsikre omsorgstenester på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse. Det skal arbeidast for å behalde og rekruttere relevant fagkompetanse
3. Gjennom førebyggjande arbeid utsette hjelpebehovet hos eldre, bremse utvikling av livsstilssjukdomar og betre situasjonen for personar med psykiske lidningar.
4. Styrka livskvalitet ved å ta i bruk velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering
5. Tilrettelegge framtidige buløysingar tilpassa ulike hjepebehov, med fokus på brukarstyring og private og kommunale initiativ.
6. Styrke tilbodet til heimebuande demente
7. Fortsette arbeidet med å leggje til rette turstiar og friluftsområde med allmenn tilgang.
8. Legge universell utforming til grunn for all planlegging så langt som råd
9. Trygge overgangar mellom barnehage- barneskule- ungdomsskule og vidaregåande skule
10. Skular og barnehagar skal prioritere sunne matvanar og fysisk aktivitet for å førebygge overvekt hos barn og unge
11. Ingen born eller unge skal begynne med tobakk eller snus, eller andre rusmidler.
12. Legge forholda til rette for at innbyggjarane kan halde seg i betre fysisk form.



Foto: Reidun Bjølverud

TURMÅLA REMMEMSTIND, YTSTETIND OG BÅTEN

Fokusområde 5: Det internasjonale Vestnes

At Vestnes kommune har auke i folketalet skjer mykje på grunn av arbeidsinnvandring, asylsøkarar som ventar på bustadkommune og busette flyktningar. Som eksempel har over 10 % av barnehageungane foreldre med utanlandsk opphav og 20 % av nyfødde i 2012 hadde minoritetsspråklege foreldre. Dette mangfaldet må vurderast som ein ressurs i staden for eit problem. Sett på spissen kan det seiast at "Utan innvandring stoppar Vestnes."

For å sikre ei god samfunnsutvikling er det nødvendig å sørge for god integrering av utanlandske innbyggjarar. Arbeid, språk og god forståing og respekt for norsk kultur og historie er viktigast. Frivillige organisasjonar og kulturaktivitetar kan også vere ein dørøpningar til deltaking i lokalsamfunnet og viktige arenaer for integrering, saman med folkehelsearbeidet i kommunen. Vestnes kommune har eit godt utgangspunkt med god kompetanse i språkopplæring både i skulen og ved Vaksenopplæringa.

Mål og strategiar:

1. Arbeid er viktigast. Vestnes kommune skal derfor ha eit godt samarbeid med næringslivet for å lykkast med å få busette flyktningar i arbeid.
2. Vestnes kommune har som mål å få 80 % av busette flyktningar i arbeid etter at introduksjonsprogrammet er avslutta.
3. Vestnes kommune skal vere ein attraktiv plass å bu for alle, og ein stad med trivsel og engasjement.
4. Vestnes kommune skal jobbe heilskapleg for å sikre ei god integrering av alle innbyggjarane i kommunen. Kommunen skal i dette arbeidet spele på lag med næringslivet.
5. Opplæring i norsk språk, kultur og samfunn er det mest effektive tiltaket for god intergrering
6. Kultur, frivillige og folkehelsearbeidet er andre sentrale verkemiddel i dette arbeidet.



Fokusområde 6: Samferdsel og pendling

Visjonen stadfestar Vestnes kommune si strategiske og sentrale plassering. Nye samferdselsprosjekt gjer Vestnes enda sterkare integrert både i Molderegionen, Ålesundsregionen og arbeidsmarknaden i Rauma. Dette gir tilgang til eit vidt spekter av arbeidsplassar. 26 % av den yrkesaktive befolkninga pendlar ut frå Vestnes. Molde er største arbeidsstad for dei som ikkje har arbeid i eigen kommune. Innpendlinga til kommunen er knapt halvparten av utpendlinga.

Mål og strategiar:

1. Vestnes kommune skal vere førstevelet når våre eigne ungdommar er ferdig med studia og vurderer kvar dei skal busette seg. Her kan dei i akseptabel pendlaravstand bu i Vestnes og arbeide i byane Ålesund og Molde, samt i andre nabokommunar.
2. Vestnes kommune vil arbeide målretta for å sikre offentleg transport tilrettelagt for pendling. Hurtigbåten over Romsdalsfjorden (Romsdalsruta: Vikebukt-Helland -Molde) har vital betydning for den felles arbeidsmarknaden Molde – Vestnes, uavhengig av ferjefri fjordkryssing. Dette tilbodet må behaldast og vidarutviklast i likheit med Timekspresen. Før ferjefri fjord må fergekapasiteten Vestnes – Molde styrkast med fleire ferjer og min. 20 minutts avgangar.
3. Betre korrespondansen, slik at mulegheita for innbyggjarane i Vestnes kommune til å bruke flyplassane i Ålesund og Molde, samt jernbanen frå Åndalsnes blir optimalisert.
4. Vestnes kommune skal arbeide for å sikre best mulege løysingar i samband med ferjefri kryssing av Romsdalsfjorden, ny trase for E39 sørover og tilknytning austover til E136.
5. Arbeide for utbetring av E136 opp Romsdalen og planlagde krabbefelt over Ørskogfjellet.
6. Vestnes kommune vil arbeide for at alle bygdelag får god tilgang på fullverdig internett og vil vere ein aktiv medspelar for utbygging av fiberkabel og mobilnett i kommunen.
7. Vestnes kommune vil saman med nabokommunane arbeide for heilårsveg over Kjersemfjellet og at vegen skal bli fylkesveg. Dette vil styrke både samkvemet med nabokommunane i sør og næringsutvikling og friluftsliv knytt til Kjersemfjellet og omland.
8. Systematisk vedlikehald av kommunale vegar for å ivareta investert kapital.
9. Arbeide for å sikre best mulig intern offentleg kommunikasjon i kommunen.



Fokusområde 7: Klima – miljø - beredskap

Vestnes kommune har utarbeidd egne temaplanar både for klima- og energi og heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Dei siste åra har vist oss at vi er avhengige av lokal beredskap og at denne er godt trent og førebudd. Beredskapsplanen er revidet hausten 2014.

Mål og strategiar:

1. Følgje opp målsettingane i Klima- og energiplanen, m.a. potensialet for småkraftanlegg
2. Utnytte eksisterande grunnlagsinvesteringar best muleg ved planlegging av nye utbyggingsområde, både med tanke på økonomi og redusert bilbruk.
3. Gang- og sykkelveggar skal ha ein sentral plass i planlegginga
4. Verdifulle natur-, kultur- og miljøkvalitatar skal takast omsyn til i all planlegging
5. Avgrense omdisponering og oppsplitting av dei mest verdifulle jordressursane.
6. Avgrense konsekvensar for lokalsamfunnet ved uønska hendingar og ulykker
7. Vestnes kommune vil arbeide for meir synleg politi og kortare responstid
8. Påverke helsestyresmaktene slik at ambulansenesta blir utvida med 1 ekstra ambulanse, for å sikre beredskapen når den eine bilen er på transportoppdrag
9. Halde fram oppgradering av mannskap og materiell i brannvesenet i samsvar med forskrift
10. Det skal arbeidast for eit robust og bærekraftig legevaktsamarbeid
11. Følgje opp vedteken overordna beredskapsplan og heilheitleg ROS-analyse.




Foto: Frank Skorgenes

STORM



Foto: Ellen Dimmen Vik

IDYLL PÅ TOMREFJELLET



Foto: Frank Skorgenes

BEREDSKAP

Handlingsdelen - Måretta investeringar

Vestnes kommune sine mulegheiter til å følgje strategiane og oppnå målsettingane i samfunnsplanen er til ei kvar tid avhengig av dei økonomiske rammene kommunen disponerer. I Vestnes kommune er handlingsdelen i kommuneplanen og økonomiplanen eit felles intergrert dokument som blir årleg oppdatert. Samfunnsdelen av kommuneplanen er såleis eit overordna styringsdokument som peikar ut leia framover, medan handlingsdelen/økonomiplanen årleg viser kor langt vi kjem på rett lei.

Som følgje av reelle behov, prioriteringar i samfunnsplan og økonomiplan - og ikkje minst mulegheitene for at Vestnes kommune blir del av eit større fellesskap i framtida - vil Vestnes kommunestyre prioritere måretta og nødvendige investeringar. Dei 3 viktigaste er:

1. I oppvekstsektoren står opprusting av Helland ungdomsskule og Tomrefjord Idrettsbygg for tur, samt auke i barnehagekapasiteten på Helland.
2. Fullføre sentrumsutviklingsprosjektet med ny reguleringsplan og utbygging av offentlege areal langs sjøfronten, i samarbeid med både private og fylkeskommunen.
3. Oppfølging av omsorgsplanen 2020.

Andre viktige investeringsoppgåver i perioden er:

- Utviding av Vik Næringsareal på Trohaugen og nytt sentrumssnært næringsområde.
- Tilrettelegging av nye bustadområde i alle bygder etter behov.
- Opprusting av kommunale vegar, som Buktavegen og Kjersemfjellvegen osv.
- Trygge skulevegar gjennom oppfølging av trafikktryggingssplanen med m.a. gangvegar
- Vidareføre arbeidet med opparbeiding av turstiar og parkeringsplassar, både som godt folkehelseiltak og tilrettelegging for betre tilgang til naturopplevingar.
- Utviding av kyrkjegarden på Vestnes.

